



# UTVIKLINGSPLAN OGNA SKULE

2021-2022

## Innhald

1.	Innleiing.....	3
2.	Om oss.....	4
3.	Nye mål og tiltak for 2021-2022.....	4
3.1	Overordna nasjonale mål.....	4
3.2	Hovudmål for Håskulen: Å auke elevane sin motivasjon for læring.....	5
3.3	Hovudmål for Oгна skule: Auke elevane sin motivasjon for læring.....	5
3.4	Oppretthaldande faktorar til låg elevmotivasjon og nye tiltak i 2021-2022.....	5
3.5	Andre satsingsområde.....	7
4	Kvalitetsvurdering av Oгна skule 2020-2021.....	7
4.1	Evaluering av mål og tiltak 2020-2021.....	7
4.2	Leiing.....	8
4.3	Undervisning.....	10
4.4	Læringsresultat og læringsmiljø.....	10
5	Mål og tiltaksplan.....	12
6	Handlingsplan (foreløpig skisse).....	13
7	Kjelder.....	14
8	Vedlegg.....	15

# 1. Innleiing

Hå kommune sin visjon er «Me løfter i lag» og med dei tre verdiane open, driftig og stolt.



Undervisning i Hå-skulen skal føregå etter forskingbaserte prinsipp om korleis barn og unge tileignar seg kunnskap og dugleikar. Dette skal me få til med å løfta i lag. Ogna skule sin visjon er «Ogna skule – ein plass for deg» med grunnmuren «eit godt læringsmiljø, tryggleik, fellesskap og respekt.»

Læring skjer saman med andre i trygge omgjevnader. Ogna skule skal vera ein plass der elevane kan veksa, leva, læra og utvikla seg til den beste utgåva av seg sjølv. Det skjer i eit fellesskap prega av tryggleik, fellesskap, respekt, likeverd, omsorg, kunnskap, mestring, utfordringar, samspel, leik, glede, humor m.m.



## 2. Om oss

Ogna skule er ein kombinert barne- og ungdomsskule som ligg sentralt plassert på Ogna heilt sør i Hå kommune. Rett i nærleiken finn me òg butikk, kyrkje, idrettshall med kunstgrasbane, bedehus og bensinstasjon. Det er eigen togstopp på Ogna.

Skulen er organisert i tre lag (avdelingar) med kvar sin lagleiar. Kvart hovudtrinn er eitt lag; 1.-4. trinn, 5.-7. trinn og 8.-10. trinn. Me har også kantine med fast tilsett kokk, me har eit stort og flott kombinasjonsbibliotek og helsestasjon. Me flytta inn i ny skule 3. januar 2018.

Ved oppstart av skuleåret 2021-2022 har skulen 269 elevar og 44 tilsette.

## 3. Nye mål og tiltak for 2021-2022

### 3.1 Overordna nasjonale mål

#### **Sektormål (Kunnskapsdepartementet)**

Kunnskapsdepartementet sine mål er retningsgjevande for oss. Dei er konkretisert i læreplanane

- *Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø*
- *Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla sitt potensial*
- *Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse*
- *Alle lukkast i opplæringa og utdanninga*

#### **Innføring av ny læreplan**

Innhald i faga i skulen har vorte endra, og frå og med skulestart hausten 2021 skal den nye læreplanen gjelda for 10. trinn og. Sjølv om me har arbeidd godt og lenge, vil undervisning etter ny læreplan krevja mykje av oss også i 2021-2022.

God innføring av ny læreplan er eit mål i seg sjølv, men me ser og på det som eitt av bidraga til å oppnå betre elevmotivasjon.

### *3.2 Hovudmål for Håskulen: Å auke elevane sin motivasjon for læring*

Mål: Elevundersøkinga skal frå og med hausten 2020 vise at elevane i Hå i aukande grad gler seg til å gå på skulen, likar skulearbeid og har lyst til å læra.

Elevundersøkinga for i 2020-2021 tyder på ei auke i skulemotivasjon for 7. klassingane, medan 10. klassingane ser ut til å vera enno mindre motivert enn tidlegare, og at dei er betydeleg mindre interessert i å læra på skulen, ikkje likar skulearbeid så godt, og gler seg ikkje like mykje til å gå på skulen som gjennomsnittet i landet.

### *3.3 Hovudmål for Oгна skule: Auke elevane sin motivasjon for læring*

Mål: Elevundersøkinga skal frå og med hausten 2020 vise at elevane på Oгна skule i aukande grad gler seg til å gå på skulen, liker skulearbeid og har lyst til å læra.

Elevundersøkinga for 2020-2021 viser auka motivasjon for læring, både for 7. og 10. trinn. Dei ligg over landsgjennomsnittet både når det gjeld interesse for å gå på skulen, å like skulearbeid og gle seg til å gå på skulen.

Elevane på 7. trinn ligg langt over nasjonalt snitt når det gjeld interesse for å gå på skulen og å gle seg til å gå på skulen. Dei er nøyaktig på nasjonalt nivå når det gjeld kor godt dei likar skulearbeidet. Utfordringa dei neste åra vert å halde seg på dette nivået, for elevundersøkinga var ekstremt god inneverande skuleår.

Elevane på 10. trinn ligg på eller over nasjonalt snitt når det gjeld interesse for å gå på skulen og å gle seg til å gå på skulen. Dei er litt under nasjonalt snitt når det gjeld kor godt dei likar skulearbeidet. Det er særleg gledeleg i år at 10. trinn scorer godt over nasjonalt snitt når det gjeld å gle seg til å gå på skulen. Her blir også utfordringa å halde oss på dette nivået i åra framover.

Me ser at hovudmålet for Oгна skule i stor grad fell saman med hovudmålet for skuleeigar Hå kommune.

### *3.4 Oppretthaldande faktorar til låg elevmotivasjon og nye tiltak i 2021-2022*

#### **Faktor 1: Elevane synest skulen er for lite praktisk og relevant**

Fagfornyninga legg opp til meir motivasjonsfremmande aktivitetar som leik, praktisk læring, kritisk tenking og dybdelæring. Endring av innhald i faga vil ikkje i seg sjølv føra til dette, det krevjar praksisendring i klasseromma.

Me har etablert partnerskap med Universitetet i Stavanger og ressurspersonar som kan hjelpa oss med å utvikle god praksis i klasseromma.

Me har og starta eit spennande partnerskap mellom ungdomsskulane i Hå og Haugstad Tre AS. Bedrifta har invitert skulane til å driva med praktiske aktivitetar, elevbedrifter etc. i lokala til gamle Uldal vindusfabrikk, der dei frå og med våren 2020 skal driva med gjenvinning av brukte kontormøbler (sirkulærøkonomi). Partnerskapet har vore i gang i eitt år, og potensialet til å få til meir praktisk og relevant opplæring for elevane der ser ut til å vera stort. Ogn skule har kome i gang med arbeidslivsfag på 8. trinn skuleåret 2020/21. Elles har me ein praktisk læringsarena i Stokkalandsmarka der me samarbeider med Vigrestad storskule og Varhaug ungdomsskule, og me nyttar i tillegg Møllerhaugen som alternativ læringsarena.

Me opplever at valfag på mellomsteget har blitt teke godt imot av elevane. Dette vil me utvikle endå meir til komande skuleår – både gjennom endringar i fag og innhald.

Etter at Ogn skule var på studietur i Oslo november 2019, blei alle veldig oppglødde over Nordseter skole sine mål for opplæringa som dei kalla for skulen sitt «Leksikon». Denne fell i stor grad saman med dei tilsette på Ogn skule sitt syn på god undervisning. Me har med den bakgrunnen no utarbeidd «Handbok for Ogn skule». Klasseromsobservasjon vil vera sentralt for å oppnå ønska kvalitet i opplæringa gjennom heile skuleløpet frå 1. til 10. trinn.

## **Faktor 2: Lærarane får ikkje dekt sitt behov for trening og utvikling**

Pr. i dag skjer trening og utvikling for lærarane i stor grad i fellestid på ettermiddagar (PU-tid), og i fellestid på det enkelte trinn. Me har også hatt klasseromsobservasjon på nokre trinn, men grunna koronapandemien har omfanget vore mindre enn ønska. Me ser at dette ikkje er tilstrekkeleg for å dekkja den enkelte lærar sine behov for trening og utvikling.

På same måte som for elevlæring er lærarane og avhengige av spesifikke tilbakemeldingar på arbeidet dei gjer. Til dømes viser lærarundersøkinga i Hå at mange lærarar sjølv synest det er vanskeleg å gje nettopp spesifikke tilbakemeldingar til elevane, og at dei treng å trenast på det.

Gjennom respektfull dialog med rektor eller lagleiar, skal lærarane få moglegheit til å reflektera over god undervisningspraksis og til å utvikla seg. Klasseromsobservasjon

og tilbakemelding er utfordrande og ressurskrevjande, men ingen annan metode har same potensialet, og me skal difor prioritera dette framover.

### 3.5 Andre satsingsområde

#### **Inkluderande barnehage og skulemiljø**

Ogna skule deltek i 2020-2021 i den nasjonale satsinga til Utdanningsdirektoratet, *Inkluderende barnehage- og skulemiljø, samlingsbasert tilbud*. Tilbodet er for barnehagar og skular som ynskjer å arbeida med trygge og gode barnehage- og skulemiljø. Inkluderande undervisning er her eit kjerneområde. Skulane er med på felles nasjonale og fylkesvise samlingar, utviklingsarbeid på eigen skule og lærande nettverk. Me har og støtte frå ein lokal ressursperson.

*Vi ønsker å oppnå en varig praksisendring som når flest mulig, og utviklingsarbeidet skal derfor primært foregå i form av barnehage- og skolebasert kompetanseutvikling og arbeid i lærende nettverk. Barnehage- og skolebasert kompetanseutvikling vil si at barnehager og skoler, med ledere og alle ansatte, deltar i en utviklingsprosess på egen arbeidsplass. Målet er å videreutvikle praksis innen arbeidet med barnehagemiljø, skulemiljø, mobbing og andre krenkelser (Udir)*

#### **Lærarane sin profesjonsfaglede digitale kompetanse (PFDK)**

I løpet av 2021-2022 skal lærarane tileigna seg digital kompetanse til å kunne planlegga og gjennomføra undervisning som oppfyller måla i læreplanen og utviklar elevane sin digitale kompetanse. Skuleeigar har tilsett to ressurspersonar for å driva opplæring for lærarane.

## 4 Kvalitetsvurdering av Ogna skule 2020-2021

### 4.1 Evaluering av mål og tiltak 2020-2021

**Mål:** *Elevundersøkinga skal frå og med hausten 2020 vise at elevane på Oгна skule i aukande grad gler seg til å gå på skulen, liker skulearbeid og har lyst til å læra.*

Me er godt nøgde med måloppnåing om auka motivasjon hjå elevane på Oгна skule. Det er særleg gledeleg at elevundersøkinga på 7. trinn er den beste nokon gong, men også at elevane på 10. trinn gler seg meir enn landsgjennomsnittet til å gå på skulen.

Me har teke utgangspunkt i handboka for Oagna skule, og ut frå kjenneteikn på kvalitet har me lagt opp til kunnskapsutvikling om praktisk og relevant skule og motiverande undervisning, og gjennom desse prosessane har kvar einskild lærar kome fram kome fram til sine utviklingsområde. Desse har me teke utgangspunkt i på førsamtalen før me sette i gang med klasseromsobservasjon.

Utviklinga av praktisk læringsarena og entrepenørskap i Hubben på Varhaug i samarbeid med Haugstad møbel AS har kome eit stykke på veg i løpet av skuleåret 2020-2021. Elevane våre på 8. trinn har hatt arbeidslivsfag kvar onsdag. Til neste skuleår ønskjer me meir fokus på elevbedrift som metode på 9. trinn. Arbeidslivsfaget vil då bli noko utvida for 8. trinn i Stokkalandsmarka.

Skulen si pedagogiske plattform «Handbok for Oagna skule» har etter gode prosessar i personalet blitt til eit grunnlag for korleis me ønskjer at ein god skule skal vera. Desse kjenneteikna på kvalitet vil vera sentrale ved vidare klasseromsobservasjon og lærarfeedback.

Arbeidet for å finna vårt system for klasseromsobservasjon og lærarfeedback er enno i startgropa grunna restriksjonane me hadde rundt covid-19 gjennom heile skuleåret 2020-21. Men arbeidet for å utvikle eit godt system på Oagna skule vil intensiverast komande skuleår.

Dei fleste lærarane fekk gjennomført observasjon ein gong i løpet av skuleåret. Då blei det også gjennomført ein førsamtale og ein refleksjonssamtale i etterkant. Her ønskjer me å halde fram utviklinga og at lærarane får fleire observasjonar gjennom skuleåret.

## 4.2 *Leiing*

### 4.2.1 Organisasjon

#### **Strategisk bruk av ressursar**

Oagna skule har bare kvalifiserte pedagogar i våre rekker skuleåret 2020-2021. Men pga. permisjonar har me tilsett nokre lærarstudentar midlertidig. Når det gjeld etter- og vidareutdanning, så har skulen prioritert leiarutdanning av lagleiarane og engelsk på barnesteget.



### **Rekruttering**

Ogna skule har vore praksisskule sidan 2018. Me har tre praksislærarar som i forkant har teke relevant praksislærarutdanning. Dette har gjeve oss tettare band til studentmiljøet på UiS, og me har no blant anna lærarstudentar inne som vikarar.

### **Felles reglar, rutinar og standardar**

Alle reglar, rutinar og standardar har blitt samla i «Springbrett for Ogna skule» i løpet av 2020-2021. Dette gjeld også årshjul for «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» og «Handboka for Ogna skule».

### **Samarbeid med andre**

Ogna skule er ein del av nettverk 1 i Jærskulen. Her er også dei andre kombinerte skulane i kommunane Gjesdal, Klepp, Time og Hå med. Skulen har også godt samarbeid med andre instansar i Hå kommune som barnevern, PPT og skulehelsetenesta.

Etter behov har me blant andre samarbeid med HABU og BUP.

Me saknar fortsatt meir nettverksarbeid innad i Hå kommune. Dette håpar me endrar seg med til dømes satsinga på betring av elevmotivasjon og færre restriksjonar i forhold til covid-19.

## **4.2.2 Leing**

### **Leia lærarane si læring og utvikling**

Ogna skule har sett av fast tid kvar tysdag til pedagogisk utviklingsarbeid (PU-tid) der medskaping er hovudarbeidsmåte. Temaa i desse øktene er i hovudsak skulen sine satsingsområde. Det er leiinga som står i bresjen i dette arbeidet. Me meiner det er heilt avgjerande at leiinga på skulen står i front og er pådrivarar i alt utviklingsarbeid som går føre seg på skulen.

### **Forsikre seg om kvaliteten på undervisninga som vert gitt**

Me har i periodar hatt klasseromsobservasjon. Dei fleste lærarane har hatt ein periode der lagleiar eller rektor har observert i klasserommet. Men me treng å få dette inn i eit godt system framover.

### **Sikre eit velordna og trygt læringsmiljø**

Skulen har eit godt system for å vera tett på elevane, med blant anna loggbok kvar veke. Dei vaksne skal også sikra at alle elevane har nokon å vera saman med i friminutta.

På Ogna skule har me nulltoleranse for mobbing og andre krenkingar.

## **4.2.3 Profesjonsutvikling**

Me har årsplan for PU-tida, som sikrar kontinuitet i utviklingsarbeidet. Leiinga er medvitne på at lærarane arbeider på tvers av hovudtrinn, slik at dei lærar heile organisasjonen å kjenna. Grunna pandemien har me halde oss innafør kvart hovudtrinn dette skuleåret.

Me legg vekt på utviklingsorienterte økter rundt skulen sine satsingsområde. Førebuingsmateriell vert i hovudsak gitt i god tid, slik at lærarane møter førebudde til øktene. Då ligg det også betre til rette for medskaping hjå alle deltakarane.

Me har eit godt system for rettleiing av nyttilsette der rettleiar har relevant kompetanse. Rettleiingsøktene ligg fast på timeplanen til den nyttilsette.

Laga har trinn- og lagtidsvarande PU-tid. Her vert det gjort utfyllande arbeid i høve satsingsområda som er gjort i PU-tida. Det er viktig å balansere tida ein bruker til utvikling og drift. Eit godt virkemiddel er å alltid starte med utviklingsarbeidet.

Gjennom blant anna Udir sine opplæringspakkar har me jobba mykje saman med fagfornyinga.

## *4.3 Undervisning*

### **4.3.1 Grunnleggjande læringsprosessar**

Trenden i tilbakemeldingane frå elevane er veldig positive når me ser elevundersøkinga under eitt. Dette gjeld både på 7. og 10. trinn. Her ser me at elevane gjev uttrykk for stor grad av elevmedverknad, og at det skjer gode prosessar i klasserommet grunna positive relasjonar til lærarane.

Gjennom klassromobservasjon og lærarfeedback er målet at elevane skal få ei meir motiverande undervisning, spesielt på mellomsteget.

## *4.4 Læringsresultat og læringsmiljø*

### **4.4.1 Eleven si læring og utvikling**

#### **Læringsmiljø**

Me ser stor framgang for Ognas skule i 2020-2021 når det gjeld utviklinga innafør læringsmiljø. Ifølgje elevundersøkinga er det lite mobbing, god relasjon til lærarane, elevane er interesserte i å læra på skulen, dei likar skulearbeid og dei gler seg til å gå på skulen.

#### **Læringsresultat**

På Ognas skule ser me no ein trend over tid at resultatata på kartleggingsprøvene og dei nasjonale prøvene utviklar seg i positiv retning. Det mest positive inneverande

skuleår er resultatata på 8. trinn. Det viser at det faglege trykket på mellomsteget byrjar å gje resultat.

Det er også ei gledeleg trend at resultatata på kartleggingsprøvene på 1.-3. trinn no ligg på eit stabilt høgare nivå enn tidlegare år.

Grunna koronautbrotet har me ikkje hatt eksamen for elevane, korkje i 2020 eller 2021. Men me ser at læringsresultata samla sett for elevane på Ogn skule fortsatt utviklar seg i positiv retning.

## 5 Mål og tiltaksplan

Mål: Elevundersøkinga skal frå og med hausten 2020 vise at elevane på Oгна skule i aukande grad gler seg til å gå på skulen, liker skulearbeid og har lyst til å læra.

Oppretthaldande faktor	Pedagogisk tiltak/strategi	Forskingsmessig grunnlag
Elevane synest skulen er for lite praktisk og relevant	Skuleleiinga skal legge til rette for felles kunnskapsutvikling i personalet om praktisk og relevant skule og motiverande undervisning	Knut Roald - om organisasjonslæring
	Me skal gjere oss nytte av ressurspersonar frå Universitetet i Stavanger i kunnskapsutviklinga om motiverande undervisning gjennom DEKOM, både for rektorar, lagleiarar og lærarar	Viviane Robinson - om å hente inn ekstern ekspertise
	Me skal utvikle og vidareutvikle praktiske arenaer for læring, gjennom partnerskap mellom ungdomsskulane og bedrifter	UDIR - om læringsarena og organisering J. Hattie - om undervisningsstrategiar, bl.a. problemløysande undervisning
	Vidareutvikling av arbeidslivsfag på ungdomssteget gjennom samarbeid med lokalt næringsliv	
	Vidareutvikling av valfaga på mellomsteget, både ved endring av fag og innhald i fag	
	Utvikling av «Handboka for Oгна skule»	M. Fullan – å dra i samme retning
Lærarane får ikkje dekt sitt behov for trening og utvikling	Me skal etablera eit godt system for klasseromobservasjon og lærarfeedback	Viviane Robinson - Dimensjon 4 M. Fullan - om rektor som learning leader J. Hattie - om instruerende lederskap (d=0,91), klasseromsbesøk og tilbakemeldinger (d=0,74) B. Freedman – pedagogisk vandring
	Alle lærarane skal få tilbod om klasseromobservasjon minst ein gong pr. halvår. I tillegg til sjølv observasjonen, skal det vera eit møte i forkant og ein etterfølgjande samtale	

## 6 Handlingsplan (foreløpig skisse)

MÅL: Elevundersøkinga skal frå og med hausten 2020 vise at elevane på Ognå skule i aukande grad gler seg til å gå på skulen, likar skulearbeid og har lyst til å læra.			
Når	Arena	Kva	Evaluering
August 2021	Planleggingsdagar	Gjennomgang utviklingsplan i personalet	
August 2021	Planleggingsdagar	Handbok for Ognå skule – mål for opplæringa	
Haust 2021	Fellestid	Kompetansepakkane frå Udir	
Haust 2021	Fellestid	LK 2020 <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vidareutvikle læreplanar i fag</li> <li>- Tverrfaglege tema</li> </ul>	
Haust 2021	Fellestid / leiarsamlingar	IBS – Inkluderande barnehage- og skulemiljø <ul style="list-style-type: none"> <li>- Samling nasjonalt</li> <li>- Regionalsamlingar</li> <li>- Nettverksarbeid</li> </ul>	
Haust 2021	Fellestid	Kunnskapsutvikling og trening med UiS <ul style="list-style-type: none"> <li>- God klasseromspraksis</li> <li>- Klasseromsobservasjon og feedback</li> </ul>	
Haust 2021	Fellestid / kommunal lærarsamling	Implementering av utviklingsplan for PfdK <ul style="list-style-type: none"> <li>- Tilpassa opplæring</li> </ul>	
Vår 2022	Fellestid / leiarsamlingar	IBS – Inkluderande barnehage- og skulemiljø <ul style="list-style-type: none"> <li>- Nettverksarbeid</li> <li>- Veggen etter den nasjonale satsinga</li> </ul>	
Vår 2022	Fellestid	Kunnskapsutvikling og trening med UiS <ul style="list-style-type: none"> <li>- God klasseromspraksis</li> <li>- Klasseromsobservasjon og feedback</li> </ul>	
Vår 2022	Fellestid	LK 2020 <ul style="list-style-type: none"> <li>- Vidareutvikle læreplanar i fag</li> <li>- Tverrfaglege tema</li> </ul>	
Vår 2022	Fellestid / kommunal lærarsamling	Implementering av utviklingsplan for PfdK <ul style="list-style-type: none"> <li>- Klasseleing og IKT</li> </ul>	

# 7 Kjelder

## Nettstader

<https://www.udir.no/>

<https://www.ssb.no/>

<https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/nasjonale-satsinger/tilbud-om-kompetanseutvikling-miljo-og-mobbing/>

## Bøker

Freedman, Beverley. 2015. Pedagogisk vandring

Fullan, Michael. 2014. The Principal: Three Keys to Maximizing Impact. Yossey-Bass

Fullan, Michael. 2017. Ledelse som setter spor: Etterlat alltid dine medarbeidere i læring. Cappelen Damm Akademisk

Hattie, John. 2013. Synlig læring. Cappelen Damm akademisk

Hattie, John og Yates, Gregory. 2014. Synlig læring - Hvordan vi lærer. Cappelen Damm akademisk

Nordal, Thomas. 2012. Pedagogisk analyse. Beskrivelse av en pedagogisk analysemodell til bruk i grunnskolen. Gyldendal

Roald, Knut. 2012. Kvalitetsvurdering som organisasjonslæring – Når skole og skoleeigar utviklar kunnskap. Bergen: Fagbokforlaget

Robinson, Vivian. 2014. Elevsentrert skoleledelse. Cappelen Damm akademisk

Robinson, Vivian. 2018. Færre endringer - Mer utvikling. Cappelen Damm akademisk  
Yukl, G. (2002). Leadership in organisations. Fifth edition. Upper Saddle River, NJ: Prentice Hall

## 8 Vedlegg

- Vedlegg 1: Skulebidrag for 1.-4. trinn
- Vedlegg 2: Skulebidrag for 5.-7. trinn
- Vedlegg 3: Skulebidrag for 8.-10. trinn
- Vedlegg 4: Elevundersøkinga 2020 - 7. trinn
- Vedlegg 5: Elevundersøkinga 2020 - 7. trinn, motivasjon
- Vedlegg 6: Elevundersøkinga 2020 - 10. trinn
- Vedlegg 7: Elevundersøkinga 2020 - 10. trinn, motivasjon
- Vedlegg 8: Elevundersøkinga 2020 - utvikling på 10. trinn
- Vedlegg 9: Nasjonale prøvar i engelsk 2020 - 5. trinn
- Vedlegg 10: Nasjonale prøvar i engelsk 2020 - 5. trinn, fordelt på meistringsnivå
- Vedlegg 11: Nasjonale prøvar i lesing 2020 - 5. trinn
- Vedlegg 12: Nasjonale prøvar i lesing 2020 - 5. trinn, fordelt på meistringsnivå
- Vedlegg 13: Nasjonale prøvar i rekning 2020 - 5. trinn
- Vedlegg 14: Nasjonale prøvar i rekning 2020 - 5. trinn, fordelt på meistringsnivå
- Vedlegg 15: Nasjonale prøvar i engelsk 2020 - 8. trinn
- Vedlegg 16: Nasjonale prøvar i engelsk 2020 - 8. trinn, fordelt på meistringsnivå
- Vedlegg 17: Nasjonale prøvar i lesing 2020 - 8. trinn
- Vedlegg 18: Nasjonale prøvar i lesing 2020 - 8. trinn, fordelt på meistringsnivå
- Vedlegg 19: Nasjonale prøvar i rekning 2020 - 8. trinn
- Vedlegg 20: Nasjonale prøvar i rekning 2020 - 8. trinn, fordelt på meistringsnivå
- Vedlegg 21: Nasjonale prøvar i lesing 2020 - 9. trinn
- Vedlegg 22: Nasjonale prøvar i rekning 2020 - 9. trinn
- Vedlegg 23: Kartleggingsprøve i lesing 2021 - 1. trinn
- Vedlegg 24: Kartleggingsprøve i lesing 2021 - 2. trinn
- Vedlegg 25: Kartleggingsprøve i lesing 2021 - 3. trinn
- Vedlegg 26: Kartleggingsprøve i rekning 2021 - 1. trinn
- Vedlegg 27: Kartleggingsprøve i rekning 2021 - 2. trinn
- Vedlegg 28: Kartleggingsprøve i rekning 2021 - 3. trinn
- Vedlegg 29: Handbok for Ogn skule